



KYSTVERKET
HOVEDKONTORET

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
200804249

Vår ref
10/03845-5

Arkiv nr
008

Saksbehandlar
Lene Gjelsvik/Roar Johansen

Dato
15.3.2011

Høringsuttale til NOU 2010:10 - Tilpassing til eit klima i endring

Viser til Miljøverndepartementets høringsbrev 16.12.2010.

Kystverket har i denne høyringa tatt utgangspunkt i hovudkonklusjonane og tilrådingane, samt kapittel 9.1.2 om sjøtransport.

Kapittel 1 Hovudkonklusjonar og tilrådingar

Det er etter vårt syn positivt at utvalet vurderer både ulemper og nye moglegheiter knytt til klimaendringar. Vi støttar prinsippet om ei heilskapleg tilnærming til klimatilpassing.

Vi støttar framlegget om at NVE skal styrkast for å ha eit nasjonalt ansvar for overvatn og havnivåstigning. Men dette må naturleg nok skje i tett samarbeid med andre berørte etatar, som Kystverket. Havnivåstigning vil truleg ha stor betydning for hamner og infrastruktur i desse.

Utfordringa i høve klimatilpassing vil i første rekke vere ressursar:

- Til vedlikehald av infrastruktur, der maritim infrastruktur i farleier og hamner er utsett
- Til styrking av planleggings- og avgjerdsprosessar som tek høvde for klimatilpassing
- Til styrking av kunnskapsgrunnlag/utgreiingsarbeid som tek høvde for klimaendringar

Utvalet peiker på ei rekke tiltak innanfor Kystverket sitt ansvarsområde. Kystverket vil understreke viktigheita av å styrke maritim overvaking og utveksling og integrering av data, spesielt i nordområda. Pågåande arbeid med etablering av eit overvåkings- og varslingsystem for dei nordlege havområda (BarentsWatch) er i så måte med på å legge til rette verkty for langsiktig innsamling av data og heilskapleg informasjon.

Sjølv om ein eventuell kommersiell transportkorridor over Polhavet vil ligge fram i tid, er det viktig å allereie no jobbe med reglar og rammeverk. Vi viser her til pågåande arbeid i Den internasjonale skipsfartsorganisasjonen, IMO, for utvikling av en bindende regel for polarområdene, den såkalte Polarkoden.

HOVEDKONTORET - KYSTDIREKTØREN

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

Besøksadr.: Kongens gt. 11, ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Bankgiro: 7694 05 06766
Org.Nr.: NO 970 237 372

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kapittel 9.1.2 Sjøtransport

Kystverket har gjeve innspel til utvalet sitt arbeid med utgreiinga og kvalitetssikra ulike tekstinnspel. Kapittel 9.1.2 Sjøtransport gjev etter vår meining ei god skildring og oversikt over status og utfordringar med klimatilpassingar for sjøtransporten, inkludert maritim infrastruktur og dei tenester Kystverket har ansvaret for.

Nokre stadar kunne omtalar og språk vore meir presist, utan at vi ser faglege grunnar til å gå detaljert inn på desse. Som eit døme står det i første hele avsnitt s. 97: "Det alt vesentlege av offentlege trafikkhamner i Noreg er i kommunalt eige, men det er nokre statleg eigde fiskerihamner." Offentlege trafikkhamner er utan unntak kommunale, og det er svært mange statlege fiskerihamner i forhold til andre typer hamner i Noreg.

Transport, og transportsystemet til sjøs er til liks med anna transportverksemd og transportinfrastruktur på land utsett for endringar i klima. Men sjøtransporten vil truleg ikkje oppleve like store utfordringar som til dømes veg- og banetransport ved klimaendringar. Det må kunne forventast store teknologiske endringar parallelt med klimaendringar framover, noko som saman med betre sjøkart og andre navigasjonshjelpemiddel skal kunne bidra til å auke sikkerheita for sjøfarande. Under kapitlet 9.1.2.1 vert moglege nye utfordringar for lostenesta drøfta, men det er vanskeleg å spå 50-100 år fram i tid. Både den kommersielle delen av sjøtransport, og anna sjø- og havbasert verksemd, treng gode og forutsigbare vêrvarslingar, for at risikoen for uhell skal haldast på eit akseptabelt lågt nivå.

Under kapittel 9.1.2.1 om organisering kunne det vore ryddig å gjere kortfatta greie for tilsynsansvaret som ligg til Klima- og forureiningsdirektoratet for beredskapen for akutt forureining.

I teksten (andre spalte på s. 97) går det fram at klimaendringar kan auke risikoen for uhell. Isolert sett ut i frå forhold og system i dag er nok dette rett. Men vel så viktig er det at endra klimaforhold kan føre til nye krav til utstyr og arbeidsmetodar som må takle røffare forhold enn i dag. I tillegg kan konsekvensane av utslepp verte større enn i dag.

Avsnittet om ressursar (andre spalte på s. 97) tek føre seg vedlikehaldsetterslep på maritim infrastruktur. Kystverket har i ein ny rapport om vedlikehaldsetterslep på navigasjonsinstallasjonar, fått eit betre grunnlag for å vurdere vedlikehaldsbehov og -tiltak. I statsbudsjettet for 2011 vart løyvinga til navigasjonsinstallasjonar auka med kr 4,5 mill som skal nyttast til å redusere vedlikehaldsetterslepet.


Behovet for tiltak og vedlikehald av eksisterande infrastruktur vert og nærare vurdert i arbeidet med Nasjonal transportplan 2014-2023. Når det gjeld bølgebrytarar i fiskerihamner, så er det nok grunn til å dempe nokre av dei potensielt store utfordringane vi i framtida vil kunne få på slike anlegg. For det første vil det truleg verte færre små moloanlegg i statlig eie. Det vert teke høgde for auka påkjenning frå bølger gjennom fortløpande vedlikehald og fornying av slike anlegg. Moloar vil truleg ikkje vere særskilt utsett for klimaendringar i framtida, så sant vi allereie i dag tek høgde for klimaendringar i prosedyrar for vedlikehald og utbetring av dei anlegg vi forventar lang levetid på.

Utgreiinga seier lite om utfordringar i trafikkhamner som følgje av klimaendringar. Hamner er viktige knutepunkt mellom transportformer, og representerer viktig infrastruktur og tenester for at transportsystemet skal fungere godt. Infrastrukturen må byggast for lang levetid. Dette krev bevisstgjerung allereie i dag om at til dømes hamneareal og kaianlegg skal ha tilfredstillande funksjon og sikkerheit ved eventuell havnivåstigning i framtida. Retningslinjer for kommunal planlegging og byggesaksbehandling vil være viktige rammer for å ivareta framtidige endringar i klima og vasstand langs kysten.

Kystverket støtter utvalet si oppsummering under "Prioritering" s. 98 om at klimatilpassing bør få høgare prioritet og meir formalisert forankring i maritim sektor.

Under kapittel 9.1.2.2 er det fokus på nordområda. Dette er noko som har høg prioritet i arbeidet med Nasjonal transportplan 2014-2023, og det må forventast både ny kunnskap og framlegg til tiltak som byggjer opp under nokre av dei utfordringane utvalet har peika på.

Med helsing



Kirsti L. Slotsvik
kystdirektør



Vigdis T. Bye
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend

Kopi til: Fiskeri- og kystdepartementet